



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 24.06.2013

Vår ref.: 2012/2865

Arkivnr.: 432.4

Time kommune
Postboks 38
4349 Bryne

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Lokal høring av forvaltningsplan for Smokkevatnet naturreservat, Time kommune, Rogaland

Fylkesmannen i Rogaland sender med dette ut forvaltningsplan for Smokkevatnet naturreservat, Time kommune, på lokal høring. Planen følger vedlagt, men ei elektronisk utgåve kan også lastast ned frå nettsidene våre, www.fylkesmannen.no/rogaland.

Innspel på planen kan sendast til Fylkesmannen i Rogaland, og frist for innspel er **6. september 2013**.

Arbeidet med planen vart annonsert våren 2012; etterpå har Fylkesmannen gjennomført fleire synfaringar i verneområdet, både med og utan grunneigarar. Forvaltningsplanen skal vera eit praktisk hjelpemiddel for å ivareta og fremja verneformålet. Det er eit mål at forvaltninga av området skal vera fleksibel og tilpassast lokale tilhøve, samstundes som ho er i tråd med verneforskrifta. Planen er tufta på verneforskrifta og skal vera i samsvar med verneformålet. Ein forvaltningsplan skal sikra lik forvaltning i heile verneområdet, og gir føringar for bruk, informasjon, skjøtsel og eventuell tilrettelegging. Forvaltningsplanen er ikkje juridisk bindande som verneforskrifta, og kan reviderast ved behov.

Planen som no er sendt på høring har vore til fagleg gjennomgang hos Direktoratet for naturforvaltning og er justert etter merknadar i brev av 25.02.2013.

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvern sjef

Torborg Berge
rådgjevar

Sakshandsamar: Torborg Berge
Sakshandsamar sin telefon: 51568939
E-post: torborg.berge@fmro.no

Vedlegg:
Miljørapport nr. 1 – 2013. Forvaltningsplan for Smokkevatnet naturreservat. Time kommune, Rogaland.

Adresseliste Smokkevatnet

Kopi til:
Direktoratet for naturforvaltning

Postboks 5672 Sluppen

7485 Trondheim